

**Fra:** aud karin oen (audkarino@hotmail.com)

**Sendt:** 01.06.2018 18:56:41

**Til:** Folkevalde

**Kopi:** Anne Gine Hestetun

**Emne:** Interpellasjon til fylkesordføraren tingsete juni 2018

**Vedlegg:**

## Interpellasjon til fylkesordføraren tingsete juni 2018

Plast held på å bli eitt av dei største miljøproblema våre. Vi fyller havet med små og store plastbitar; eit aukande problem både for dyrelivet og oss sjølve. Kvart år hamnar over 8 mill tonn søppel i havet. Mellom 70 og 80 prosent av dette er plast, og problemet er at den ikkje forsvinn. Ein altfor liten del av plastemballasjen vert gjenbrukt, resirkulert eller brukt til energigjenvinning. Viss ikkje vi endrar måten vi handterer plast på, vil det i 2050 vere meir plast enn fisk i havet. Plasten kan innehalde helse- og miljøfarlege stoff. Den finst no i alle ledd i næringskjeda, og kan til slutt ende på middagsbordet vårt. Plast er dessutan i stor grad laga av fossil olje, og det er difor også bra for arbeidet mot klimaendringar å redusere produksjon og unødvendig bruk av ny fossil plast.

Nokre av kjeldene til mikroplast er slitasje av bildekk, måling og vedlikehald av båtar, måling og vedlikehald av bygg og vegar, granulat frå kunstgrasbanar, vask av tekstilar og anna som hamnar i avløpssystemet og plastavfall kasta i naturen.

Sjølv om dette er eit globalt problem som krev globale løysingar, er det mykje vi kan gjere på fylkeskommunalt nivå. Mange privatpersonar ynskjer å gjere ein innsats for å rydde plast og anna avfall på avvegar, og dei ynskjer å vere miljøbevisste forbrukarar. Då er det viktig at fylkeskommunen legg til rette og tek eit koordineringsansvar. Det er også sett av midlar i frå Stortinget til marin forsøpling som fylkeskommunen bør få ein del av.

Vil fylkeordføraren ta initiativ til at fylkeskommunen lagar ein eigen handlingsplan mot plastforsøpling?

Moglege tiltak i ein slik handlingsplan kan vere:

- at det finst gode, rimelege innsamlingsordningar som sikrar at mest mogleg plast vert samla inn, sortert og sendt til materialgjenvinning eller energiutnytting
- å ta tak i ulovleg forsøpling lokalt, gjerne i samarbeid med næringsliv og bransjeorganisasjonar
- at alle hamner, både private og kommunale, får på plass godkjend avfallsplan innan utgangen av 2018
- å etablere godkjende vedlikehaldsplassar for båtar, der avrenning, kjemikalier og plast vert samla opp og rensa. Samarbeid om felles mobile spylemøller for brukarane i kommunen er ei god løysing.
- byte ut eventuelt gummigranulat på kunstgrasbanar når alternativa føreligg; i mellomtida innføre rutinar for oppsamling av gummigranulat som er på veg vekk frå banen, bl.a. ved å montere oppfangingssilar i kummar ved banen
- innføre gode ordningar for vask av vegar for å hindre avrenning av mikroplast, og få utgreidd om det finst rense løysingar som kan fange opp den opp
- foreslå oppgradering til bruk av best tilgjengelege teknologi for filtrering av mikroplast i avløpsanlegg
- setje av midlar i budsjettet til plastrydding, og invitere til samarbeid med skular, barnehagar og frivillige organisasjonar
- samarbeide med landbruksnæringa om innsamling av landbruksplast, og fiskerinæringa om innsamling av plast frå havet
- betre kollektivtilbod og fleire trygge gang- og sykkelvegar for å redusere unødig bilkøyring

Framlegg til vedtak:

- Hordaland fylkesting ber om å få lagt fram ein handlingsplan mot plastforsøpling innan utgangen av 2018.

Aud Karin Oen  
SV gruppeleiar

Beste helsing  
Aud Karin Oen